



FLORA
KOMMUNE

Trafikktryggingssplan for Flora kommune 2013 – 2020

*I samsvar med vedtak i Bystyret.
Sak 20/13, 9.april 2013*



 asplan viak

Oppdrag nr 527429

Oppdrag nr. 527429	Oppdragsnamn: Tafikktryggingsplan for Flora kommune		
Tittel denne rapporten Trafikktryggingsplan for Flora kommune 2013 - 2020		Dato: juni2013	Sidetal: 17
Oppdragsleiar hos Asplan Viak Leikanger: Nils Husabø Prosjektmedarbeidar hos Asplan Viak Leikanger: Shabaz Saeed Mohammad, Even Gjerløw,		Kontaktperson hos Oppdragsgjevar: Willy Stenbakk, Reidulf Refsnes	

<p>Ekstrakt :</p> <p>Trafikktryggingsplanen frå år 2007 er revidert.</p> <p>Planen omfattar vegsystemet i heile kommunen (riks- fylkes- og kommunalt vegnett).</p> <p>Trafikkfarlege stader er kartlagde og ein har prioritert tiltak – både fysiske og haldnings-skapande.</p> <p>Planen skal m.a. nyttast ved søknad om økonomiske midlar, t.d. ”aksjon skuleveg”.</p> <p><i>Planen er oppdatert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak 9.april i år, sak 020/13</i></p> <p><i>Tiltak som ikkje vert prioriterte i RTP vil få ei ny vurdering i forbindelse med budsjett 2014</i></p>
<p>Emneord og stikkord:</p> <p>Trafikktrygging, kommunal temaplan</p>

OPPDAGSLEIAR	
Dato Juni 2013	sign. NH

Asplan Viak AS
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 69 00 Telefaks: 57 65 69 19
E-post: leikanger@asplanviak.no
Internett: www.asplanviak.no
Føretaksnr: 910 209 205

FORORD

Dette plandokumentet er bygt opp i samsvar med rettleiarar frå "Statens Vegvesen" "Kommunale trafikksikkerhetsplaner" og "Trygg trafikk" "Håndbok for kommunalt sikkerhetsarbeid i kommunene".

Planen omfattar tiltak innafor "Aksjon skuleveg", men også andre tiltak som gjeld trafikksikring i brei tyding.

Dette er ei revidert utgåve av planen som galdt for 2007 - 2012.

Willy Stenbakk i kommunen, seinare Reidulf Refsnes, har vore prosjektansvarlege, medan Asplan Viak er trekt inn som sekretær/konsulent.

Revisjonsarbeidet vart starta i juni/juli 2011. Planlegginga vart kunngjort i avisene og det vart sendt brev til instansar og organisasjonar med interesser i planarbeidet. I brevet vart det bede om innspel – t.d. informasjon om trafikkfarlege stader. Sameleis vart det oppmoda om innspel om arbeid innan trafikktrygging, både situasjonen i dag og planar for framtidig arbeid. Dette gjeld t.d. kontrollverksemd informasjonsarbeid, kampanjar, undervisning og anna.

Planen omfattar vegsystemet i heile kommunen (riks- fylkes- og kommunalt vegnett). M.a. er trafikkfarlege stader kartlagde, og det er prioritert tiltak – både fysiske og haldnings-skapande. Planen skal m.a. nyttast ved søknad om økonomiske midlar, t.d. "aksjon skuleveg".

Vedlegg 4 er samandrag av innkomne innspel ved planoppstart i 2011.

Planen har vore ute til offentleg høyring, og vedlegg 5 (notat sist rev. 30.01.13) er samandrag, kommentarar og tilråding knytt til merknader som kom i høyringa og i ettertid.

Planen vart så handsama i Plan- og miljøutvalet 12. februar i år og vedteken i kommunestyret 9.april.

Planen er oppdatert i samsvar med bystyret sitt vedtak 9.april - sak 020/13.

Tiltak som ikkje vert prioriterte i RTP vil få ei ny vurdering i forbindelse med budsjett 2014

Asplan Viak Leikanger – juni 2013

INNHALDSLISTE

- 1.1 Orientering, s.3
 - 1.1 Bakgrunn for kommunal trafikktryggingsplan
 - 1.2 Aktørar i trafikktryggingsarbeidet
 - 1.3 Lover, forskrifter, overordna planar mm.
 - 1.4 Samspel mellom trafikktryggingsplanen og anna planarbeid
- 2.0 Organisering av trafikktryggingsarbeidet, s.6
 - 2.1 Flora kommune
 - 2.2 Opplæring i barnehage og skule
 - 2.3 Kontroll og overvaking
- 3.0 Trafikktryggleik – tilstanden i dag, s.7
 - 3.1 Om trafikktryggleik generelt og situasjonen i fylket
 - 3.2 Omfanget av ulukker på vegnettet i Flora
 - 3.3 Trafikkfarlege stader i Flora kommune
- 4.0 Visjon og målsetjingar, s.10
 - 4.1 Visjon for trafikktryggingsarbeidet
 - 4.2 Tryggleik på vegen
 - 4.3 Økonomi og styring
- 5.0 Tiltak i perioden 2013 – 2020, s.12
 - 5.1 Hovudprioriteringar
 - 5.2 Opplæring i barnehage og skule
 - 5.3 Kontroll og overvaking
 - 5.4 Tiltak på kommunalt vegnett
 - 5.5 Tiltak på riks- og fylkesvegar
- 6.0 Prioriterte kommunale tiltak 2013 – 2016, s.18

VEDLEGG

- Vedlegg 1 - Samlerapport med grafer Flora kommune 2006 - 2010 (ulukkesdata frå Statens vegvesen)
- Vedlegg 2 - Trafikkfarlege stader i Flora kommune, rev. 06.06.13
- Vedlegg 3 - Trafikkopplæring i skulane i Flora, rev. 22.03.13
- Vedlegg 4 - innspel - samandrag (dagsett 22.09.11 - innspel ved planoppstart 2011)
- Vedlegg 5 - Gjennomgang merknader - tilråding, rev. 30.01.2013

TEIKNINGSOVERSIKT

- 527429 – 001 Trafikkfarlege stader – heile kommunen, 09.11.11
- 527429 – 002 Trafikkfarlege stader – Florø sentrum, 09.11.11
- 527429 – 003 Trafikkfarlege stader – Torvmyrane og Brandsøy, 09.11.11

1.0 ORIENTERING

1.1 BAKGRUNN FOR KOMMUNAL TRAFIKKTRYGGINGSPLAN

Trafikkulukker er eit omfattande problem i eit moderne samfunn, Sjølv om tal omkomne i trafikken er redusert sidan 70-talet, var det i 2010 framleis opp mot 200 som omkom i trafikken. Det er meir usikkert kor mange som i alt vert skada i trafikken. Politiet fører løpande statistikk, men mange ulykker og skader vert ikkje rapportert. Det er om lag 12000 politiregistrerte personskader årleg, men totalt tal skader er truleg tre gonger så høgt - om lag 32000 lettare og opp mot 4000 alvorlege skader per år.

Dette gjev store konsekvensar for den einskilde trafikkskadde, men også for samfunnet i form av økonomiske utslag m.a. innanfor helsesektoren. Ei dødsulukke i trafikken vart i 2009 kostnadsrekna til om lag 33 mill. kr. i følgje statens vegvesen, medan ein hardt skadd kostar samfunnet om lag 10 millionar og ein lettare skadd om lag 1 million.

Ulukkeskostnadene i Sogn og Fjordane kan ut frå dette vere over ein milliard kroner i årleg snitt her i fylket (jf. fylkeskommunal handlingsplan 2010 – 2013). Over halvparten er då kostnader knytt til velferdstap for trafikantane, medan resten fordeler seg på produksjonsbortfall og medisinske, materielle og administrative kostnader.

For å oppnå auka innsats i trafikktryggingsarbeidet, må ei rekke verkemidlar takast i bruk. Stortinget har vedteke visjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken. Her sit kommunane med ei sentral rolle, noko som m.a. kjem fram gjennom at kommunane vert oppmoda til å utarbeida kommunale handlingsplanar (trafikktryggingsplanar) og at slike planar ein føresetnad for å få tildelt statlege trafikktryggingsmidlar.

Måla med kommunal trafikktryggingsplan kan difor setjast opp slik:

- ei samla oversikt over trafikkfarlege stader
- fokusering på haldningskapande tiltak gjennom at barn og unge blir trekt inn i trafikktryggingsarbeidet
- sikre at dei kommunale ressursane blir sett inn der dei gir størst effekt
- gje grunnlag for støtte frå statlege/fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar

1.2 AKTØRAR I TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET

Samferdselsdepartementet styrer trafikktryggingsarbeidet gjennom Nasjonal transportplan (NTP). Vegdirektoratet er det mest sentrale fagorganet for trafikktryggleik og har m.a. det overordna faglege og økonomiske ansvaret for vegsektoren.

Fylkeskommunen og trafikktryggingsutvalet (FTU) har, jf. §40 A i Vegtrafikklova eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for trafikktrygging. Frå og med 2010 overtok fylkeskommunen ansvaret for mange av riksvegane og fekk slik endå større ansvar for samferdsla og trafikktryggingsarbeidet. Fylkeskommunen arbeider elles med trafikktrygging, mellom anna gjennom opplæringsavdelinga, folkehelsearbeidet og rettleiing i arealplanlegging.

Statens vegvesen planlegg og gjennomfører ei rekkje trafikktryggingstiltak på riksvegane. Staten deltek også med tilskot til trafikktryggingstiltak på fylkesvegar og kommunale vegar. og har ansvar for trafikkmessige tilhøve ved køyretøy og trafikantar på alle vegar.

Politiet arbeider med kontroll av førarar og køyretøy og med trafikkopplæring i barnehagar og skular. Politiet etterforskar og rapporterer trafikkulukker med personskader og har vedtaksmynde for ein del trafikkregulerande tiltak.

Fylkesmannen, m.a. ved helseavdelinga og utdanningsavdelinga, har også trafikktryggleik som del av sine arbeidsområde. Vidare har fylkesmannen eit ansvar knytt m.a. til kommunane si arealplanlegging, der trafikktryggleik ofte vil vere eit tema.

Kommunane har ansvar for trafikktryggingsarbeidet på kommunale vegar og for å fremje trafikktryggingsarbeidet på riks- og fylkesvegar, m.a. gjennom trafikktryggingsplanar. Kommunane har ansvaret for barnehagar og barne- og ungdomsskulane og den trafikkopplæringa som skjer der.

Trafikkskulane og også busselskapa/drosjenæringa (t.d. skuleskyss) har ei viktig rolle trafikktryggingsarbeidet.

Trygg Trafikk er ein landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggingsarbeidet og fungerer som eit bindeledd mellom dette og dei offentlege myndigheitene. Trygg Trafikk arbeider for å oppnå best mogleg trafikktrygging for alle trafikantgrupper.

Av **friviljuge organisasjonar** kan nemnast motororganisasjonar som MA, KNA, NAF og andre trafikantorganisasjonar som t.d. sykkelorganisasjonar og eigne organisasjonar for trafikkskade

1.3 LOVER, FORSKRIFTER OG OVERORDNA PLANAR M.V.

Ei rekkje lover og tilhøyrande forskrifter har innverknad på trafikktryggleiken.

Veglova omfattar dei generelle reglane som er knytt til trafikktrygging m.a. heimel til fastsetjing av standarden på vegnettet både på hovudvegar og lokalvegar. Det er også utarbeidd forskrifter og vegnormalar.

Vegtrafikklova dannar grunnlaget for svært mange trafikktryggingsstiltak, skilt, trafikkopplæring, krav til køyretøy osv.

Plan og bygningslova (PBL) gjev m.a. grunnlag for å planlegge og gjennomføre fysiske tiltak. Med heimel i PBL er det m.a. fastsett Rikspolitiske Retningslinjer for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegging.

Av overordna planar på nasjonalt nivå kan nemnast: Nasjonal transportplan, Nasjonal strategi for forebygging av personskadeulykker, Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg og Plan for tiltak mot ungdomsulukker. Vidare er "Kunnskapsløftet" eit viktig overordna dokument.

Fylkeskommunen har, i tillegg til handlingsplan for trafikktrygging, andre planar som er relevante: Handlingsprogram for fylkesvegnettet, strategisk samferdselsplan, rassikringsplan for fylkesvegane og mål og strategiar for vidaregåande opplæring


Statens vegvesen på region/fylkesnivå utarbeider m.a. oppfølging NTP: Handlingsprogram for regionane, rassikringsplan for riksvegane i Sogn og Fjordane og kampanjeplanar for Fartskampanjen og "Sei i frå!"

Politiet utarbeider strategiplan for politiets trafikkteneste og, på fylkesnivå, årleg plan (hovudordre) for trafikk og eigne trafikkplanar m/måltal for samarbeidande lensmannsdistrikt

Også friviljuge organisasjonar utarbeider planar for saksfeltet, Trygg Trafikk har til dømes strategiplan, policy-dokument og årlege handlingsplanar.

1.4 SAMSPEL MELLOM TRAFIKKTRYGGINGSPLANEN OG ANNA PLANARBEID

Planen som bindeledd mellom kommuneplan og underliggjande tekniske planar kan illustrerast slik:



Denne trafikktryggingsplanen skal vere ein del av det kommunale plansystemet for Flora – Planen syner kva for tiltak som skal gjennomførast på sektoren dei neste åra og vil såleis ligge til grunn for seinare detaljplanlegging/utbygging av einskildanlegg.

Planen skal handsamast politisk i og vedtakast av kommunestyret.

2.0 ORGANISERING AV TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET

2.1 FLORA KOMMUNE

Flora kommune omfattar 690 km² og har om lag 11000 innbyggjarar. Av desse bur om lag 8000 i Florø, Florelandet og på Brandsøy. Resten av innbyggjarane bur i Eikefjorden, om lag 1000 personar, og utover på alle øyane og i små grendesamfunn.

Sentrumsområda er prega av folkevekst med omfattande byggjeaktivitet, medan dei mindre grendene har stabilt eller reduksjon i folketalet.

2.2 OPPLÆRING I BARNEHAGE OG SKULE

Flora kommune har ein eigen skulehelseplan. Trafikk og førstehjelp er eit eige tema i denne planen med eit tilpassa opplegg for kvart årstrinn.

Trafikkopplæringa er tilpassa lokale tilhøve ved dei einskilde barnehagane og skulane. Det er naturleg at vektlegginga på ulike trafikkspørsmål blir ulik avhengig av geografisk plassering og aktuelle trafikksituasjonar. Alle skulane har tilgjengeleg Trygg Trafikk sin perm Trafikkopplæring. Statens vegvesen er ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Dette opplegget skal gi elevane eit grunnlag for å ferdast i trafikken. I vedlegg 3 er trafikkopplæringa nærare omtalt.

I innspelrunden i 2011 og i samband med høyringa av planen, har det kome informasjon om trafikkopplæringa ved Nyheimsvegen barnehage, Eikefjord skule og Brandsøy skule og barnehage, sjå vedlegg 4 og 5.

2.3 KONTROLL OG OVERVAKING

Politiet og Statens Vegvesen har saman eit ansvar for overvaking-/kontrollverksemd i trafikken. Politiet si trafikkovervaking gjeld alle sider ved vegtrafikken medan Statens Vegvesen har eit noko meir avgrensa arbeidsområde.

Hovudføremålet for kontrolltenesta er å få ned talet på trafikkulukker. Kontrollane blir difor retta mot dei områda som gir størst trafikktryggingsmessig effekt. Statens Vegvesen i samarbeid med Politiet har som satsingsområde å kople saman kontroll, og informasjon og kampanjer (” Sei i frå ” er eit eksempel).

3.0 TRAFIKKTRYGGLEIK – TILSTANDEN I DAG

3.1 OM TRAFIKKTRYGGLEIK GENERELT OG SITUASJONEN I FYLKET

Sogn og Fjordane Fylkeskommune utarbeider, sist i 2010, handlingsplanar for trafikktrygging. Vidare har Statens vegvesen supplert med statistikk for trafikkulukker i Flora.


Tala nedanfor byggjer på ulukker som er innrapporterte til politiet. Mange ulukker blir aldri rapporterte, dette gjeld særleg ulukker med lettare skader. Statens vegvesen reknar med følgjande rapporteringsgrad:

- Dødsulukker – nær 100 %
- Ulukker med alvorlege personskader – om lag 50 %
- Ulukker med lettare personskader – om lag 30 %
- Ulukker med personskader utan at motorkøyretøy er innblanda – 1- 2 %

Samla ligg rapporteringsgraden på om lag 33 %. Dvs at 60 – 70 % av ulukkene med personskader blir aldri rapporterte anna enn til forsikringsselskap, legevakt/sjukehus. Dei politirapporterte ulukkene omfattar om lag 12.000 trafikkskadde personar i året. Talet på trafikkskadde i landet ligg såleis på 35.000 - 40.000 i året.

Ulukkesstatistikk for Sogn og Fjordane

Figuren nedom er henta frå fylket sin handlingsplan og viser utviklinga i fylket i perioden 1999 – 2008. Tal rapporterte ulukker har variert mellom 156 og 197 – i snitt 174 ulukker årleg. Tal skadde har variert mellom 204 og 286. Det var 890 ulukker i første halvdel av perioden og 850 dei siste 5 åra. Summen av drepne og hardt skadde var derimot litt høgare i siste 5-årsperioden (177 mot 169 i første periode).



Periode	ÅRLEG SNITT I PERIODEN			
	Tal ulukker	Skadde totalt	Hardt skadde	Drepne
1990 – 1998 (9 år)	197	272	39	11
1999 – 2008 (10 år)	174	242	27	8

I perioden 1990 – 1998 (sjå tabellen over) var det eit årleg snitt på 197 ulukker, noko som indikerer ei positiv utvikling – trass i ein trafikkauke på 1 – 2% årleg. Det også ein nedgang i tal skadde; frå 272 til 242 i årleg snitt. Talet på hardt skadde og drepne er redusert med til saman 15 (frå 50 til 35) – dvs. 30% nedgang.

I tal ulukker i høve til innbyggjartal, ligg Sogn og Fjordane omlag på same nivå som landet totalt eller litt under.

3.2 OMFANGET AV ULUKKER PÅ VEGNETTET I FLORA

Omfanget av ulukker i Flora varierer frå år til år. Dei vedlagde karta (teikn. -001, -002 og 003) syner kor ulukkene skjedde i periodane 1994–98, 1999-2005 og 2006-10.

Vedlegg 1 ”Vegtrafikkulykker med personskade. Ulykkesdata for Flora kommune i perioden 2006 – 2010” er utarbeidd av Statens vegvesen Region vest, og byggjer på politirapporterte ulukker. Berre ulukker på fylkesvegar og riksvegar er med i statistikken.

I Flora kommune var det i perioden 1994 – 2010 i alt registrert 258 ulukker med personskade,

51 av desse ulukkene skjedde i åra 2006 – 2010, og i desse ulukkene var det i alt 3 omkomne, 4 hardt skadde og 55 lettare skadde.

Slik det går fram av tabellen under, er utforkøyning den absolutt viktigaste ulukkesårsaka. Men også møteulukker (front til front kollisjonar), ulukker i samband med kryss og fotgjengarar er viktige ulukkesårsaker.

ULUKKESTYPAR	TAL ULUKKER			
	1994 -98	99-2005	2006-10	SUM
Utforkøyning	39	37	17	93
Møting	20	14	9	43
Uhell i kryss	15	23	12	50
Fotgjengarar	17	15	8	40
Same retning	5	7	5	17
Andre	9	6	0	15
SUM	105	102	51	258

Typar av politirapporterte ulukker 1994 – 2010, Flora kommune

Kjelde: Statens vegvesen

Ved alle politirapporterte trafikkulukker blir alderen til alle innblanda personar registrert. Ikkje uventa er det personar mellom 15 og 24 år som er mest utsett. Sjansen for at personar i denne gruppa skal bli skada i trafikken er mellom to og tre gonger så stor som for gruppa 25 – 64 år, sjå tabellen nedom. Dette er samanfallande med situasjonen i fylket og landet.

Aldersgruppe	Tal personar som vart skadde i trafikken
0 - 14	16
15 – 24	50
25 – 34	23
35 – 44	23
45 – 54	24
55 – 64	14
65 og eldre	12
Sum	162

Alder på personar skadde i trafikkulukker, Flora 1999 – 2010. Kjelde: Statens vegvesen

3.3 TRAFIKKFARLEGE STADER I FLORA KOMMUNE

Spørjeundersøkingar m.v.

Som ein del av grunnlaget for tidlegare trafikktryggingsplanar, vart det gjennomført ei spørjegransking omkring skulevegen til borna i grunnskulen. Føremålet med granskinga var å finne dei trafikkfarlege stadene på skulevegen til borna. Ut frå kapasitetsomsyn blei granskinga avgrensa til borna/føresette i to alderstrinn 1 og 6 klasse. Det var stor respons på granskinga med mange innkomne skjema. Planarbeidet vidare tok utgangspunkt i dette, men ved kvar revisjon supplert med nye skjemaundersøkingar.

I samband med revisjonsarbeidet no, vart det sendt ut ei oppmoding til aktuelle instansar, m.a. skular og barnehagar, vegstyresmakter, politi, grendalag osv. om å kome med innspel. Det vart og rykt inn annonse med oppmoding om innspel.

Innspela som kom i 2011 (jf. oversyn i vedlegg 4) er ein del av grunnlaget for planarbeidet og sameleis merknader som har kome i samband med offentleg høyring og seinare (jf. vedlegg 5)

Trafikktryggingssynfaring

Statens Vegvesen i Sogn og Fjordane gjennomfører trafikktryggingssynfaring i kommunane kvart 3. år med deltakarar frå lensmannskontor(politi), kommune (teknisk etat, helsesektoren og skulekontor), busselskap, Trygg Trafikk og Statens Vegvesen sjølv. Føremålet med synfaringa er å sjå på trafikkfarlege stader i kommunen, skilting, vurdering av aktuelle tiltak og kven, (Statens vegvesen, fylkeskommunen eller kommune), som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka. Synfaringane er ein del av grunnlaget for trafikktryggingssynfaringa.

Representantar frå vegvesenet har delteke i utarbeidinga av denne planutgåva – på to arbeidsmøte, og har der kome med sine innspel

Trafikkfarlege stader i Flora kommune

I tillegg til ovannemnde kjelder, byggjer oversynet over trafikkfarlege stader og moglege tiltak (vedlegg 2) på kommuneadministrasjonen sin kjennskap til saksfeltet – m.a. innspel som kjem frå publikum under vegs.

Dei fleste stadene som er med i vedlegg 2, er avmerka på karta teikn. - 001, 002 og 003. Stadene er på karta identifiserte med referansenummer, som også går att i vedlegg 2.

4.0 VISJON OG MÅLSETJINGAR

4.1 VISJON FOR TRAFIKKTRYGGINGSARBEIDET

Med bakgrunn i overordna målformulering i kommuneplanen og signal frå sentrale styresmakter er følgjande visjon sett opp for arbeidet med trafikktrygging i Flora kommune:

0 drepne og 0 varig skadde i trafikken i Flora kommune

4.2 TRYGGLEIK PÅ VEGEN

Hovudmål : Trafikantane skal kunne ferdast trygt og sikkert på vegnettet i kommunen. Alle vegar må sjåast i samanheng, og vegnettet må utformast slik at risikoen for ulukker blir redusert. Svake trafikantgrupper og vegbrukarar skal kjenne seg trygge ved bruk av vegnettet og gaterommet

Tema	Delmål
Opplæring/ åtferd	<ol style="list-style-type: none">1. Foreldre og andre vaksne har eit hovudansvar for grunnleggjande trafikkopplæring av barn og unge. Dei skal gjerast meir merksame på rolla som førebilete for barn og unge2. Borna skal få trafikkopplæring både i barnehage og i skule
Trygge vegar	<ol style="list-style-type: none">1. 0 årlege personskader i trafikken2. Ingen skuleborn skal kjenne seg utrygge på veg til skulen3. Trafikkfarlege stader/kryss i kommunen skal utbetrast4. Køyrefarten i gaterom med ulike brukargrupper skal setjast slik at farlege situasjonar ikkje oppstår.5. Gater /område med 30 km/timen som fartsgrense, bør ha fartshumpar slik at farten blir halden nede.
Drift av vegnettet om vinteren	<ol style="list-style-type: none">1. Brøyting når snømengda overstig 7 cm våt snø eller 10 cm tørr snø.2. Maksimal spordjupne i snøen skal ikkje overstige 5 cm3. Snø framføre trafikkskilt og snø på trafikkskilt, skal vere rydda innan 3 dagar etter at snøen kom.4. Dersom friksjonstilhøva hindrar normalt vinterutrusta bilar i å kome opp normale bakkar etc, skal det strøast.5. Når friksjonstilhøva tilseier det, skal strøing vere slutført seinast kl 06.00.6. Ved brøyting og strøing av kommunale vegar, skal gangvegane prioriterast
Drift av vegnettet om sommaren	<ol style="list-style-type: none">1. På areal med krav til sikt, skal gras/kratthøgde ikkje vere høgre enn 50 cm over vegbanen.2. Vegetasjon skal ikkje hindre sikten til skilt eller vegmerking3. Areal med krav til sikt, skal klyppast 2 gonger i sesongen, 1.gong perioden 1- 25 juni, 2. gong perioden 1-15. august.4. Hol i vegdekke som representerer fare for trafikantar og køyretøy skal reparerast snarast og seinast innan 2 dagar

Skilt, merking av veg, elektriske installasjonar, gjerde	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gatelys; enkeltlamper som er gått, skal skiftast snarast råd og seinast i løpet av ein måned. 2. Der 2 – 5 lamper er gått etter kvarandre, skal feil utbetrast innan ei veke 3. Vegskilt skal kunne lesast på minst 50 meters avstand 4. Minst 50 % av fotgjengarfelt og oppmerking for trafikkregulering, skal vere synleg. Det skal vere kontinuerleg vedlikehald av oppmerkinga.
Vegdekke	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dersom spordjupna er 35 mm eller meir på ei strekning, skal tiltak iverksetjast 2. Spor/setningar djupare enn 100 mm skal utbetrast seinast innan 2 veker 3. Kumlokk og slukrister skal skiftast eller utbetrast når dei <ul style="list-style-type: none"> • Stikk opp over overflata til vegdekket • Er 4 cm eller meir under vegdekket • Slår når bilar køyrer forbi • Representerer fare for gåande eller syklende
Fortau og skuldrar	<ol style="list-style-type: none"> 1. Hol i fortauet som kan vere ein fare for trafikantar, skal reparerast snarast og seinast innan 2 dagar. Mindre alvorlege hol, innan 1 måned. 2. Kantstein som er blitt lause, skal reparerast innan 1 måned i sommarhalvåret. Om vinteren skal lause kantstein takast vekk og skaden utbetrast våren etter.

4.3 ØKONOMI OG STYRING

Hovudmål : Kommunale midlar som blir brukte på trafikktrygging skal brukast på ein kostnadseffektiv måte.

Tema	Delmål
Dokumentasjon av kostnader	Rekneskapen skal syne på ein oversiktleg måte korleis pengane er disponert.
Leveransar til andre	Tenester som blir levert til andre skal dekkjast inn etter sjølvkostprinsippet
Kvalitetsikring	Kvalitetsystem for trafikktrygging skal sikre at dei kommunale måla som er sette, blir haldne. Systemet skal og sikre at gjeldande lover og forskrifter på sektoren blir følgde.

5.0 TILTAK I PERIODEN 2013 - 2020

5.1 HOVUDPRIORITERINGAR

Opplæring i skule/barnehage

Ungdommar i alderen 15 – 25 år er den aldersgruppa som er mest utsett for trafikkuhell. Endring av haldningar og åtferd i trafikken for desse er difor svært viktig for å få ned ulukkestatla.

Haldning og åtferd til det einskilde menneske er resultat av påverknad over lang tid, heilt frå småbarnsalderen og oppover. For å få til endringar av desse, er det viktig med innsats frå barnehagestadiet og oppover i heile grunnskulen og seinare i vidaregåande skule.

Flora kommune vil leggje vekt på trafikkopplæring til barn og unge.

Trafikantinformasjon

Det er eit mål å redusere uynskt åtferd i trafikken.

Lokalt tilpassa kampanjar og informasjonstiltak har gjennomgåande større effekt enn informasjon frå sentrale styresmakter.

Flora kommune vil difor leggje opp til regelmessig informasjon til dei ulike trafikantgruppene.

Sikring av skulevegen

Borna har rett på ein trygg skuleveg. Flora kommune vil arbeide for å få til dette.

Trygge vegar

Vegane skal vere trygge å ferdast på. Flora kommune vil difor setje høge krav til trafikktryggleiken på vegnettet.

Flora kommune har som målsetjing å verte sykkelby.

5.2 OPPLÆRING BARNEHAGE OG SKULE

Kommunen har i dag ei god trafikkopplæring både i barnehage og skule, **jfr vedlegg 3**.

Opplegget er godt innarbeidd og tilpassa kvart einskild alderstrinn. Kommunen vil arbeide vidare med dette opplegget og vidareutvikle det etter kvart i samarbeid med Trygg Trafikk og Vegkontoret i Sogn og Fjordane.

5.3 KONTROLL OG OVERVAKING

Politiet og Statens vegvesen vil leggje vekt på følgjande moment i arbeidet:

1. Reduksjon av farten til trafikantane
2. Forebygging og få vekk promillekøyning
3. Auka bruk av verneutstyr (bilbelte, hjelm osv.)
4. Samarbeid med skuleetaten
5. Kampanjar med kombinert informasjon/kontroll. Kampanjen ” Sei i frå” held fram

5.4 TILTAK PÅ KOMMUNALT VEGNETT 2013 - 2020

I tabellane nedanfor er kostnader teke med i den grad dei er kjende pr. dato. Det er stipulerte bruttokostnader som er sett opp. Det er og sett opp tilvising til referansenummer i vedlegg 2, td. Florø nr 17.

Mange av innspela/merknadene, jf. vedlegg 2, 4 og 5, kan vere nyttig bakgrunnsmateriale for arbeid sentrumsplanen og anna planarbeid.

Gjennom sentrumsplanarbeidet har Flora kommune som målsetjing å verte sykkelby.

5.4.1 Drift og vedlikehald – kommunalt vegnett

Mange av dei tiltaka det er peikt på i vedlegg 2, 4 og 5, gjeld generell drift og vedlikehald av vegnettet, og desse punkta er såleis ikkje aktuelle å ta med i kapittel 5.4.2 eller 5.4.3

For det kommunale vegnettet sin del tek ein sikte på så langt som mogleg å halde det nivået som går fram av målsetjingane i kapittel 4.2, over.

5.4.2 Strakstiltak – kommunalt vegnett

Ei rekke tiltak er enkle og rimelege å gjennomføre. Slike tiltak er sett opp i tabellen under og skal gjennomførast snarast/kontinuerleg.

Tiltak	Kommentar, tiltaksnr., jfr vedlegg 2	Ansvarleg
Trafikantinformasjon <ul style="list-style-type: none">Eiga "trafikkspalte" i FirdapostenHaldningsskapande arbeid ved skulane og i friviljuge organisasjonarBrosjyrar mm.	Dette tiltaket vil minne foreldre og vaksne elles på det ansvaret dei har i høve til barn og unge.	Teknisk drift / skule
Kampanje for å fjerne sikthinder i heile kommunen - m.a. fjerning og klipping av hekkar.	Sikrar best mogleg sikt ved farlege/uoversiktlege kryss/stader	Teknisk drift
EM Holevegen: Soneskilt 30km/t også ved vidaregåande skule	Ynskje om tydlegare skilting av fartsgrensa også inne i omr. – Florø nr. 35	Teknisk drift
Nyheimsvegen barnehage – finne annan oppstillingsplass for bosspann for nærmiljøet	Noverande bossoppstilling er uheldig for trafikktrygg-leiken på barnehage-parkeringa - Florø nr. 42	Teknisk drift
Ev. feil i skiltinga i vegen frå fylkesvegen opp til Brandsøy skule må takast opp.	30-grense bør vurderast på strekninga. Brandsøy nr. 14	Teknisk drift
Betre skilting for 30-sone til Havreneset barnehage	Florø nr.66	Teknisk drift

5.4.3 Investeringsiltak – kommunalt vegnett

Tiltak	Kommentar, tiltaksnr., jfr vedlegg 2	Ansvarleg	Kostnad ? (i 1000 kr 2011)
Nyheimvegen – fartshumpar bør vurderast.	30sona vert ikkje alltid respektert - Florø nr. 40	Teknisk drift	
Bygging av fartshumpar for sikring av 30 sonene m.a. Nyheimsvegen (over)	Andre stader skal vurderast årleg – jf. vedlegg 2	Teknisk drift	115 (årleg)
Busstur i Vågavegen kryss til barnehage		Teknisk drift	--
Busstur på Fv.542 i kryss til Sørgardfeltet (begge køyreretningane)		Teknisk drift	--
Etablering av kollektiv-haldeplassar 2 stk pr år – m.a. ovannemnde i Vågavegen og Fv.542	Sikring av trafikkfarlege busstoppestader	Teknisk drift	350 (årleg)
Færøykalven gjerde/veglys	Utrygg skuleveg – Rognaldsvåg nr 2	Teknisk drift	80 (stip.)
Standalsvika til Øvre Standal: Rekkverk/vedlikehald	Standal nr 1	Teknisk drift	120 (stip.)
Rekkverk andre stader	Årleg vurdering med utgangspunkt i vedl. 2	Teknisk drift	100 (årleg)
Steinhovden – Gatelys ved skulen	Steinhovden nr 1	Teknisk drift	--
Gatelys frå rv. 5 mot Vest Industri –	Brandsøy nr 3	Teknisk drift	
Veg/gatelys - ovannemnde og ev. fleire stader	Ulike stader, jf. vedl. 2	Teknisk drift	250 (årleg)
Gang/sykkelveg frå Kinnvegen til Flora barneskule 230 meter, jf. sentrumsplanen	Tryggare skuleveg ved å avlaste Hans Blom-gata Florø nr. 22 m.fl.	Teknisk drift	980
Florø – vurdere 40-sona i sentrum	Florø nr. 58.	(Statens vegvesen)/-kommunen	--
Prioritere å byggje/ renovere fortau i sentrums-området	Florø nr. 60	(Statens vegvesen)/-kommunen	--
Gang/sykkelveg frå Bjørkum bustadfelt til brua ved Rv.5 ca. 200m	Utbetring/opparbeiding	Teknisk drift	800
Flora ungdomsskule: Betre haldeplass ved rundkøyringa bak skulen i vestre ende.	Kantstopp på nordsida av vegen ved ungdomsskulen vert lagt ned. Florø nr. 68	Statens vegvesen/kommunen	??

5.5 TILTAK PÅ RIKS- /FYLKESVEGAR 2013- 2020

Dei fleste tiltaka er også omtala i vedlegg 2 – sjå tilvising til referansenummer i vedlegg 2.

Mange av innspela/merknadene i planarbeidet (sjå vedlegg 2, 4 og 5) kan vere eit nyttig bakgrunnsmateriale for sentrumsplan for Florø og anna planarbeid – også når det gjeld fylkes-/riksvegar.

Gjennom sentrumsplanarbeidet har Flora kommune m.a.som målsetjing å verte sykkelby.

5.5.1 Generell oppfølging av kryssingar/fotgjengarfelt

Kryssingar/fotgjengarfelt skal takast opp i eige møte mellom vegvesenet og kommunen. Dette gjeld både fylkesvegen Kinnvegen/Havrenesvegen og riksvegen i sentrum – eventuelt andre stader i kommunen. Vedlegg 2 nemner mange aktuelle problempunkt og vil vere eit grunnlag for møtet.

5.5.2 Drift og vedlikehald på riks- og fylkesvegar

Mange av dei tiltaka det er peikt på i vedlegg 2 gjeld generell drift og vedlikehald av riks/-fylkesvegnettet, og desse punkta er såleis ikkje aktuelle å ta med i kapittel 5.5.2 eller 5.5.3. Ein ber Statens vegvesen merke seg desse punkta.

5.5.3 Strakstiltak på riks- og fylkesvegar

Flora kommune meiner følgjande stader på riks- og fylkesvegane bør prioriterast og tiltak gjennomførast snarast :

- Askrova- Autovern nedom grus-vegen til Espeseth, Askrova (Mykje trafikk og farleg U-sving), Askrova nr.4
- Askrova - berebjelke under ferjekaia manglar boltar, Askrova nr.6
- Fartsgrense (50km/t) på Fv.548 frå Verpevika til kryss m/riksvegen (Brandsøy) og evt. 30km/t på strekninga frå skulekrysset til Rv5, Brandsøy nr. 21
- Skilt «skuleveg» på fv.548 i området Verpevika – Brandsøy skule, Brandsøy nr. 16
- Nedsett fartsgrense på fylkesv. Eikefjord sentrum - Hovland (Kvalvika) til 40 km/t , Eikefjord nr. 14
- Fartsgrense 60 km/t på Rv.5 på strekninga mellom krysset med Fv.548 i Brandsøy og avkøyninga til Brandsøyåsen, Brandsøy nr.19
- Fartsgrense 60 km/t på Rv.5 på strekninga mellom avkøyrslø Botnaneset og Kanalbrua , Torvmyrane 8, Krokane 23.
- Lys langs Fv548 frå gravplassen (Brandsøy) til kryss ved Rv5, Brandsøy 20
- Opphøgde gangfelt v/ungdoms-skulen og ved Bunnpris, Havrenesvegen, M.a. Florø 69 og 68.
- Gatelys ved busslomme i Straumsneskrysset (*jf.5.5.4 nr. 1!*)
- Gatelys Rv 5 Grov - kryss med Fv 614 og busslomme, Eikefjord nr. 10
- Fartsgrense 40 km/t på fylkesveg 545 langs Havrenesvegen frå sentrum og til krysset mot Industrivegen/Gunhildvågen

5.5.4 Investeringstiltak på riks og fylkesvegar

Flora kommune sine krav – i prioritert rekkjefølgje (nummererte tiltak) :

Pkt. 1 – 6 og rassikringsprosjekta er tekne inn i samsvar med prioriteringa i kommunen si fråsegn (BYST-022/13) til Regional transportplan (RTP). Punkta vidare er andre viktige trafikktryggingstiltak.

Kommunen si fråsegn til RTP har med fleire tiltak som i hovudsak gjeld andre tilhøve enn trafikktrygging – og som difor ikkje er tekne med her.

1. Fv614 Straumsneskrysset - Bygge ny busslomme, Solheim nr.5.
2. Fv548 Botnavegen, strekninga Nybøvegen – Krokavegen Gang- og sykkelveg 900 meter, Brandsøy nr.12
3. Sambinding av Rv5 og Havrenesvegen over Norheimsmarka – vegen må få status som fylkesveg.
4. Fv 542 Eikefjord skule – Kryss RV 5 (Hovlandsvegen) Gang- og sykkelveg 1400meter, Eikefjord nr. 2 og 12
5. Fv 548 Solheimslia – Brandsøy Gang – og sykkelveg 2700 meter, Brandsøy nr. 12
6. Fv 542 Eikefjord barnehage (Sørgard - Vikavegen) Gang– og sykkelveg 400 meter, Eikefjord nr.2 og 12
7. Rv5 Skudalen – Fugleskjæret (Markegata), oppruste gata/bygge fortau/avkjørsleregulering, m.a. Florø nr. 67 – Starte regulering.
8. Rv 5 Fugleskjærsgata – Fv 545 Havrenesvegen kritisk strekning når det gjeld trafikk. Flora kommune regulerer i løpet av 2013 ny trasè her, jf. Florø nr. 17.
9. Fv 544 Solheim skule Norddalsfjord, veglys ca 800 meter austover og 300 meter vestover, Solheim nr. 6.
10. Ved idrettsanlegget på Midtbø, veglys ca 400 meter over brua rundt første sving.
11. Veglys frå busslomme i Brandsøy til og med avkøyring/parkeringsplass turveg Brandsøyåsen v/Rv 5, Brandsøy nr. 17
12. Utviding av parkeringsplass i samband med turveg til Brandsøyåsen v/Rv 5, Brandsøy 22.
13. Oppsetjing av venteskur/leskur i sentrum, Eikefjord
14. Omklassifisering av kommunal veg mellom Michael Sarsgate – Markegata til fylkesveg.

Ras-sikringsprosjekt

Desse er prioriterte i kommunen si fråsegn til RTP:

1. Rv 543, strekninga Nyttingnes - Sandvik

1. Fv 614, stekninga Sraumsnes - Haukå

Andre ynskjelege tiltak i perioden:

- Havrenesvegen/Kinnvegen - Gjennomføre den vedtekne forkøyrsvegen for heile strekninga (Fleire uoversiktlege kryss på strekninga), Florø nr 8

- Reksta – fleire møteplassar og snuplassar (Auka trafikk – m.a. skuleskyss, gjer tilhøva vanskelege), Rognaldsvåg nr.4

- Bruene langs Fv542 Eikefjord sentrum – Kvalvik manglar tryggingstiltak (Ein elev sykla seg våren 2011 utfor pga. dette), Eikefjord nr. 15

- Leggje til rette trygg kryssing av Rv5 Markegata ved samfunnshuset. (Mange gåande/-syklande kryssar her – m.a. born frå barneskulen dagtid og kveldstid), Florø nr. 43

- Vurdere 40-soner i sentrum (Florø nr. 58)

- Busslommer/avstigings-plassar i samband med bilfri veg rundt Florø Barneskole (Jf. Sentrumsplanen)

6.0 PRIORITERTE KOMMUNALE TILTAK 2013-2016

Haldningsskaping m.m. – kontinuerleg arbeid

Tiltak	Ansvarleg
Trafikantinformasjon – Trafikkspalte i Firdaposten og haldningsskaping arbeid i skule/organisasjonar	Teknisk/Skule/- Kultur
Kampanje for å fjerne sikthinder Annonsekampanje og bruk/distribusjon av utarbeidd brosjyre	Teknisk
Trafikktryggingssbrojyre for gruppa 5 – 9 år	Teknisk

Kommunale investeringstiltak på vegnettet (i tillegg kjem strakstiltak i samsvar med kapittel 5.4.2 over):

Prisar i 1000 kroner 2013

Tiltak	2013	2014	2015	2016
Strakstiltak - årleg prioritering ut frå kapittel 5.4.2 (og vedl. 2)	100	100	100	100
Fartshumar i 30 soner - årleg prioritering ut frå kapittel 5.4.2 (og vedlegg 2)	115	115	115	115
Veglys - årleg prioritering ut frå kapittel 5.4.2 (og vedlegg 2)	250	250	250	250
Etablere og forbetre kollektivhaldeplassar Prioritert no, jf.kap. 5.4.3: - 2 buskur på Fv.542/Sørgardfeltet - Buskur i Vågavegen v/kryss til barnehage	350	350	350	350
Vegrekkverk – årleg prioritering ut frå vedlegg 2	100	100	100	100
Frå Kinnvegen til Florø barneskole Gang/sykkelveg (Florø 22 m/fl.)	400	240	240	
Færøykalven gjerde (Rognaldsvåg nr 2)		80		
Standalsvika til Øvre Standal: Rekkverk/vedlikehald (Standal nr 1)				120
Gang/sykkelveg frå Bjørkum bustadfelt til brua ved Rv.5		400	400	
Samla investeringssum	1315	1635	1555	1035
<i>Tilskot frå Staten , 60%</i>	<i>789</i>	<i>981</i>	<i>933</i>	<i>621</i>
<i>Kommunal eigendel</i>	<i>526</i>	<i>654</i>	<i>622</i>	<i>414</i>

- Prioriteringslista over er utarbeidd under føresetnad av at Flora kommune får 60 % tilskot av statlege trafikktryggingssmidlar. Dersom tilskota blir mindre, vil ikkje alle tiltaka kunne gjennomførast så raskt som det er sett opp i denne planen
- Kommunen har valt å ta med tiltak på fylkes- og riksvegar i den kommunale handlingsplanen. Bakgrunnen for dette er at det er svært viktig å få gjennomført desse tiltaka og at bruk av kommunale midlar difor kan vere aktuelt. Utføring av tiltak vil skje i samarbeid med og etter avtale med eigaren av vegen

Prioriteringslista er berre sett opp fram til og med år 2015. Tiltak som er aktuelle men som skal gjennomførast etter dette tidspunktet, vil bli teke med ved rullering av planen. Desse tiltaka er ikkje kostnadsrekna i denne planen.